



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak - dispensasjon til arealoverføring - Meland – gnr. 35 bnr. 1, 5 – Gripen.

Vi viser til brev frå Meland kommune datert 04.04.2019. Saka gjeld dispensasjon frå arealformålet LNFR (landbruk-, natur- og friluftsførmål, samt reindrift) i kommuneplanen sin arealdel for overføring av eit areal på om lag 357 m<sup>2</sup> frå gnr. 35 bnr. 1 til gnr. 35 bnr. 5. Formålet med arealoverføringa er å leggje til rette for etablering av garasje/parkeringsareal for eksisterande bustad på gnr. 35 bnr. 5.

Rådmann i Meland kommune gav i vedtak datert 19.10.2018, i sak 277/2018, avslag på søknad om dispensasjon for arealoverføring som omsøkt. Vedtaket vart klaga på av Kim Arne Kleiveland Reknes i brev datert 26.10.2018.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune handsama klaga i møte den 08.1.2019, i sak 05/2019, etter synfaring på eigedomen. Klaga vart teken til følgje, og det vart gitt dispensasjon og løyve etter jordlova som omsøkt.

Fylkesmannen i Vestland klaga på vedtaket i brev datert 24.1.2019.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune handsama klaga i møte den 26.03.2019, i sak 27/2019, og klaga vart ikkje teken til følgje.

Meland kommune har ikkje vurdert utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 slik Fylkesmannen bad om fordi det ikkje er gitt delingsløyve etter plan- og bygningslova kap 20. Søknad om deling vert handsama etter endeleg avgjerd i dispensasjonssaka.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)



Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kim Arne Kleivland  
Reknes

Gripavegen 76 5918 FREKHAUG